

Manger 02.05.2014

Til rådmann
Jarle Landås
Radøy kommune

Uttale til revisjon av lønspolitisk plan

Alle styrarane og rektorane som er medlem i Utdanningsforbundet Radøy, har drøfta utkastet til lønspolitisk plan.

Vi vil særleg kommentera følgjande:

- Det er brei semje om at punkt 3 på s. 5 ; "Leiar for tenesteområdet **skal** senda inn si avdeling sine prioriteringar basert på dei kriteria som er prioritert lokalt og sentralt ", ikkje er tenleg for verken leiarane si rolle som arbeidsgjevar, eller er tenleg for miljøet på arbeidsplassen. Styrarane skriv det slik: "*Krav om at leiar SKAL sende inn sine prioriteringar meiner vi vert feil. Vi meiner at arbeidstakarane må sende sine lønskrav og at arbeidstakarorganisasjonane heller tek kontakt med leiarane for uttale i enkelt-tilfelle der krava kan vera uklare, evt dersom andre ting kan vera uklart. Vi vil i tillegg nemne at det føles vanskeleg for oss som leiarar å foreta ei objektiv vurdering i eit så tett arbeidsmiljø som barnehagane har.*" Vi stiller spørsmål ved grunngjevinga for at leiarane skal påleggast dette ekstraarbeidet som vert opplevd som særstak belastande på fleire plan. Vi har inga tru på at medarbeidarane vil gjera ein betre jobb enn det dei gjer ved slik individuell påskjøning. Andre einingsleiarar fortel om store påkjenningar og misstemning i arbeidsmiljøet etter lokale tingningar med personlege tillegg gitt til nokre utvalde. Pkt. 2 s. 5 under "Gjennomføring" må derfor takast bort. Likeins meiner vi formuleringa "Næraste leiar med personalansvar skal fortløpende vurdere og gje tilbakemelding til sine medarbeidarar", må ut av planen.
- Kriteria i planen er inndelt i tre hovudgrupper. Personvurderingskriteria har fått mykje plass i forhold til dei andre. Det kan såleis sjå ut som at desse vektast mest. Er dette tilsvikta? Ettersom planen skal reviderast jamleg, bør den innehalde kriterium for kva kommunen ser på som relevant etter- og vidareutdanning. Slik kan planen betre bli det verktøyet arbeidstakarane kan innretta seg etter.
- Det er positivt at ein har fått med punkt om at leiarar prinsipielt skal tene meir enn dei er sett til å leie.

På vegner av alle leiarmedlemmene i Utdanningsforbundet

Torunn T. Hovden

Tony Vetås

Elisabeth Bygstad